

BE-con AS

**Nybygg på gbnr 65/1 og 67/15 - Norafjordvegen 393 - Bustad og garasje
Magnar Munch - Tufte**

Melding om vedtak

Saka er handsama i tråd med det kommunale delegasjonsreglementet, og det er gjort slikt vedtak:

Tenesteeining plan og næring gjev ikkje dispensasjon frå arealdel til kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av garasje på 70 m², då dette set omsynet bak føremålet vesentleg til sides og fordelane ikkje er klårt større enn ulempane.

Tenesteeining plan og næring gjev ikkje dispensasjon frå arealdel til kommuneplanen for gjenoppføring av bustad på g/bnr. 65/1, då dette vil setje omsynet bak føremålet vesentleg til sides.

Begge vedtak er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 og KS-sak 30/17.

Med helsing

Cornelis Erstad
tenesteleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg: Saksframlegg m/vedlegg

Kopi til:

magnar@proffbyggtjenester.no, ,

Sendar	
Sogndal kommune Postboks 153 6856 Sogndal	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde leddet)

Mottakar (namn og adresse)	Dato	Klageinstans

Denne meldinga gir viktige opplysningar dersom du ynskjer å klage over vedtak du er gjord kjent med	
<p>Klagerett</p> <p>Kven kan du klage til?</p> <p>Klagefrist</p> <p>Rett til å krevje Grunngeving</p> <p>Innhaldet i klaga</p> <p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</p> <p>Kostnadene med klagesaka</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen</p>	<p>Du har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Klaga sender du til oss. Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følge av klaga, sender vi klaga over til klage-instansen, jf. rubrikk.</p> <p>Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagt før fristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du oppje datoen for når du fekk dette brevet.</p> <p>Dersom du klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. Du kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må du nemne grunnen til at du ynskjer det.</p> <p>Dersom du meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan du krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen du får grunngevinga.</p> <p>Du må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> – kva for eit vedtak du klagar på – årsaka til at du klagar – den eller dei endringar du ynskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Jamvel om du har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.</p> <p>Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss.</p> <p>Du vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Du kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa du treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til dykkar fordel, kan du etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil orientere dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Dersom du meiner at du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan du klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom du no får klaga dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan du såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>
Særlege opplysningar	